



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

26.06.2026

Vår ref:

2019/7517

Dykkar dato:

13.05.2026

Dykkar ref:

202411086

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn - søknad om å redusere minste tillatte slukeevne - Grøndalselva kraftverk - Ullensvang

Statsforvaltaren rår frå å redusere minste slukeevne i Grøndalselva kraftverk.

Vi viser til høyringa av søknad om å redusere minste slukeevne frå 1,12 til 0,2 m³/s i Grøndalselva kraftverk.

Vår vurdering

Det er søkt om ei vesentleg endring av minste slukeevne, og tabell 2 og 3 i søknaden viser at døgn med avrenning mindre enn minste slukeevne pluss minstevassføring vil bli monaleg redusert. Endringa vil dermed i stor grad auke tida det berre går minstevassføring i elva, og elva vil miste svært mye av dynamikken som er viktig for vasstilknytt naturmangfald og friluftsimteresser.

Slukeevneintervall og minstevassføringsvilkår er viktige premissar for å finne rett balanse mellom kraftproduksjon og natur- og friluftsimteresser ved vasskraftutbyggingar. Vi ser at gjeldande slukeevneintervall var grundig vurdert i konsesjonsprosessen (NVEs innstilling til OED i 2010). Det har seinare, i 2019, vore handsama ein planendringssøknad som òg inkluderte å redusere minste tillatte slukeevne. Dette rådde vi frå, på grunn av omsynet til landskap, friluftsliv og samla belastning på vassdragsnatur og sårbart høg fjell (brev frå Fylkesmannen i Hordaland 23.4.2019). Denne vurderinga står ved lag.

Vi meiner det er uheldig med etappevis justering av eit kraftprosjekt, så kort tid etter utbygging, og etter at konsesjonsvedtaket er fatta gjennom ei heilskapleg vurdering av fordelar og ulemper ved utbygginga. Det må vere ein høg terskel for å akseptere auka vassutnytting i disfavør av allmenne interesser.

På denne bakgrunnen rår vi frå søknaden om å redusere minste slukeevne i Grøndalselva kraftverk.

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Ullensvang kommune
Vestland fylkeskommune

Opheimsgt. 31
Postboks 7900

5750
5020

ODDA
BERGEN